

Austevoll SV – Valprogram 2023-27

SV vil jobbe for at Austevoll skal bli meir klimavennleg, berekraftig, rettferdig og solidarisk. Det trengs i ei tid der verda står ovanfor fleire store kriser: omfattande klimaendringar, tap av biologisk mangfald og natur, veksande sosial og økonomisk ulikskap, og ei internasjonal humanitær flyktningkrise. Vi skal tenke globalt og handle lokalt for å møte desse krisene.

Austevoll skal også vere ein god kommune å vakse opp og bu i, og det skal vere rom for alle. Vi vil ha ein kommune der alle kan lukkast, der ingen vert gjeve opp, og der dei som har mest bidrar meir til fellesskapet. Viktige tenester som skule, barnehage, helse, pleie og omsorg er vår felles velferd. Kvar krone vi puttar inn i desse tenestene må komme innbyggjarane til gode. Difor må dei også drivast av kommunen, og ikkje av private. Vi må styrke tenestene, til det beste for oss alle.

Vi vil jobbe for eit opent og inkluderande Austevoll bygga på sterke fellesskap, små forskjellar og med auge og hjarte opent mot verda.

Eit klimavennleg Austevoll

SV tar klimakrisa på alvor. Vi vil ha eit Austevoll med seriøs og ambisiøs klima- og energipolitikk som kutter klimagassutslepp utan å auke presset på naturområda. Vi vil gå inn for at kommunen skal kutte 30 % av klimagassutsleppa lokalt innan 2030, gjennom tydelege planar, strenge klima- og miljøkrav, krav om nullutslepp frå snøggåtar og kollektivtransport, energieffektivisering og grøn energi som ikkje går utover sårbar natur eller arbeidsplassar. I Austevoll har vi mange innan olje-, gass- og offshorenæringa med høg kompetanse. Denne kompetansen vil vere viktig i kampen mot klimaendringane. Dei kan leie an i utviklinga av nye og spanande næringsvegar i møtet med klimakrisa og den nødvendige grønne omstillinga, og vi vil spele på lag.

SV vil:

- utarbeida ei kommunal plan for å kutte 30 % av klimagassutsleppa innan 2030.
- stille strenge klima- og miljøkrav til offentlege tenester og anbod.
- gå inn for solcellepanel og bergvarme i kommunale bygg.
- stille krav om nullutslepp frå snøggåtar innan 2030.
- arbeide for betre rutetilbod til lands og til sjøs, med nattavgangar.
- gå imot etablering av vindkraft på land, og begrense adgangen til havvind.
- bruke el-bilar og el-syklar i kommunen sine tenester.
- få på plass fleire ladestasjonar til el-bil.
- leggja betre til rette for gåande og syklende.

Eit berekraftig Austevoll

SV tar naturkrisa på alvor. Vi vil ha eit Austevoll med frisk luft, verna natur og friskt dyreliv, med ein ambisiøs politikk for vern av natur, berekraftig ressursbruk og sikring av strandsona for alle. Noreg har gjennom FN si naturavtale forplikta seg til å verne 30 prosent av all natur, og 30 prosent av verdas hav, innsjøar og elver. Austevoll må ta si del av ansvaret.

SV vil:

- lage ei kommunal plan for vern og tilbakeføring av natur på land og til havs.
- gå imot strandsoneutbygging i nye område.
- gå imot etablering av nye hyttefelt og rorbuer.
- verne så mykje matjord som mogleg.
- styrke tiltaka mot marin forsøpling, og støtte frivillige strandryddingsprosjekt.
- bruke insektsvennlege sprøytemiddel i kommunen.
- gjere levering av avfall til SIM billegare og enklare for personar og verksemder.
- etablere omreisande gjenvinningstilbod i regi av SIM.
- etablere gjenbrukshall i regi av SIM.
- sette opp fleire bosspann på offentlege stader, i strandlinja og i turområde.
- sette opp fleire grønne områder med leikeapparat, benker og plantar.

Eit rettferdig Austevoll

Austevoll skal vere ein god kommune å bu i. Då trengs god velferdspolitik som tar vare på innbyggjarane, og utjamnar sosiale forskjellar. Kvar krone som går til vår velferd skal kome innbyggjarane til gode. Difor går vi mot privatisering, og inn for å tilbakeføre allereie privatiserte tenester til kommunen. Der anbod må lysast ut, må kvalitet gis meir vekt enn pris. Kommunen er også ein stor arbeidsgjevar og kunde. Med det følger eit ansvar for god arbeidslivspolitik, og etisk handel som gir gode ringverknadar lokalt og globalt. SV vil også innføre ein rettferdig skatt på eigedom som styrker velferdstenestene, og jamnar ut sosiale forskjellar.

SV vil:

- gå imot og reversere all privatisering av offentlege tenester.
- vektlegge kvalitet meir enn pris der anbod må lysast ut.
- innføre progressiv skatt på eigedom for bustadar og næringsliv.
- at kommunen i hovudsak skal lyse ut heile og faste stillingar.
- løfte sosialhjelpssatsane opp på SIFO-nivå.
- auke grunnbemanninga innan helse- og omsorgstenester.
- innføre ein kommunal vikarpool med heiltidstilsette innan helse- og omsorg.
- styrke vedlikehaldsarbeidet på kommunale bygg.

Eit godt Austevoll å vakse opp i

Gjennom eit godt og trygt barnehagetilbod, ei god skule og skulefritidsordningar som alle kan vere med på vil SV arbeide for at alle barn skal ha ein trygg barndom og gode oppvekstvilkår uavhengig av sosial bakgrunn. Alle barn må få oppleve meistring, tilhøyring og trivsel i kvardagen.

SV vil:

- tilsette fleire med spesialpedagogisk kompetanse i barnehagen og skulen.
- fjerne heimelekser frå grunnskulen.
- gje alle barn i grunnskulen eit gratis og næringsrikt måltid kvar skuledag.
- sikre gode uteområde i skulen.
- styrka helsesjukepleiarordninga i skulen med fleire heile stillingar.
- tilsette fleire miljøterapeutar i skulen.
- sikre trygg skuleveg for alle barn, og skuleskyss der vegen ikkje er trygg.
- syte for at alle barn får tilstrekkeleg symjeopplæring.
- styrke bibliotekstilodet for barn og unge.
- etablere eit ungdomshus med tilsette ungdomsarbeidarar.
- sikre ferietilbod for barn og ungdom, i samarbeid med frivillige organisasjonar.
- legge til rette for at alle barn kan delta på minst ein organisert fritidsaktivitet.
- invitere fritids- og idrettsorganisasjonar til samarbeid om felles kontingent.
- styrke dei kommunale utlånssordningane for sports-, fritids- og friluftsutstyr.

Eit Austevoll for alle

Austevoll skal vere ein kommune som er trygg og open for alle uavhengig av kven ein er, kven ein elsker eller kva funksjonsevne ein har. SV vil kjempe mot alle formar for diskriminering og rasisme. Austevoll skal også vere ein kommune der alle kan vere med på dei store avgjerdene. Då er det viktig at politikarane liknar på folk flest, og at innbyggjarane får betre moglegheiter til å delta i politiske prosessar.

SV vil:

- ta kampen mot all diskriminering og rasisme.
- støtte frivillige organisasjonar som arbeider med utsette grupper.
- betre bu- og støttetjenestene for valdsutsette.
- sikre universell utforming i alle kommunale bygg.
- redusere politikarlønningane.
- ta initiativ til fleire offentlege høyringar og folkemøte.
- opprette bygdevekstråd for å få innbyggjarane sine innspel til korleis kommunen kan bli meir attraktiv å bu i og flytte til.

Eit solidarisk Austevoll

Austevoll skal vere ein kommune med auge og hjarte opent mot verda. For første gang i historia er over 100 millionar menneskje fordrivne eller på flukt verda over. Vi har eit moralsk ansvar. For flyktningane som er meir redd for farane heime enn for å skulle krysse Middelhavet i gummibåtar. For ukrainarane som flukter frå Russland si brutale angrepskrig - den av sitt slag i Europa sidan andre verdskrig. For dei som lever i krigsområde eller under brutal okkupasjon.

SV vil:

- ta imot fleire menneskje på flukt.
- auke støtta til frivillige prosjekt for flyktningar og asylsøkarar.
- sikre nødvendig helsehjelp til papirlause.
- inngå vennskapsavtale med kommuner i Ukraina og Palestina.
- at kommunen ikkje skal handle med aktørar som opererer på okkupert jord eller i strid med menneskerettane.